



Multiconsult Norge AS v/Torunn Åsheim

Saksbehandlar, innvalstelefon

Øistein Aasland, 5557 2322

## Oppstartsmelding - detaljreguleringsplan - Toska fritidssenter gnr 43 bnr 9 m fl - Radøy kommune

Fylkesmannen i Vestland har via Miljødirektoratet mottatt varsel om oppstart av planarbeid for detaljreguleringsplan for Toska fritidssenter, gnr. 43, bnr. 9 m. fl. i Radøy kommune. Grunnen til dette er at Miljødirektoratet står som eigar av gnr. 43, bnr. 66, og delar av denne eigedomen er ein del av den planlagde detaljreguleringsplanen. Det står i varsel om oppstart at grunneigarar er tidlegare varsla med brev av 11. mai 2019, dette brevet har ikkje Fylkesmannen sett.

Fylkesmannen skal i denne samanheng sjå til at staten sine interesser som grunneigar vert ivaretatt i plansaka, (jf. handbok 30-2011 *Forvaltning av statlig sikrede friluftslivsområder*). I oppstartsvarselet står det at; «Planområdet vert utvida noko for å få tilknytning til offentleg veg og turparkering og dels for å få ei betre arealutnytting.»

Fylkesmannen i Vestland vil ut i frå dette presisere at Miljødirektoratets eigedom, gnr. 43, bnr. 66, berre kan regulerast til offentleg parkeringsareal – med bakgrunn i eigendommen sin funksjon for friluftslivet. Det kan difor ikkje leggjast inn føringar i planlegginga som vanskeleggjer ein slik bruk av areala, eller tilkomsten til dette parkeringsarealet.

Vi gjer merksam på at dette berre er ein uttale på vegne av grunneigar. Fylkesmannen i Vestland vil elles opptre som planmyndigheit, og vil kunne komme med eigen uttale som rettar seg mot det planfaglege.

Med helsing

Stein Byrkjeland  
fagdirektør

Øistein Aasland  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:  
Radøy kommune  
Bergen og Omegn Friluftsråd  
Hordaland fylkeskommune v/Eirik Knive  
Miljødirektoratet